



Kari Troland  
Fløyenbakken 55 B  
5009 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1599 - 18/15481

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
10.07.2018

## Godkjenning - GBNR 8/1 - Løyve til mellombels oppføring av annekset - Vollo

### Administrativt vedtak. Saknr: 165/2018

Tiltakshavar: Kari Troland

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Kari Troland har søkt om løyve til mellombels oppføring av eit annekset i ein periode på 2 år på gbnr. 8/1, Vollo.

Den omsøkte eigedomen er registrert i matrikkelen med eit areal på om lag 148 daa, og Kari Troland står som heimelshavar. Det omsøkte annekset er oppgjeve med eit areal på 43,6 m<sup>2</sup> bebygd areal (BYA) og 42 m<sup>2</sup> bruksareal (BRA), og er dermed innanfor 30 % BYA som arealdelen til kommuneplanen opnar for.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 9.6.2018, og teikningar journalført 19.6.2018.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første og andre ledd. Det er ikkje kome merknadar til nabovarslinga.

#### Lov- og plangrunnlag:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Oppføring av bygning på 43,6 m<sup>2</sup> BYA til bruk for varig opphald er eit «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a), og er søknadspliktig etter pbl § 20-2. Tiltakshavar kan på eiga hand søkje om oppføring av tiltaket med ei plassering på inntil 2 år, jf. pbl § 20-4 bokstav c). Oppføringa må vere i samsvar med plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, samt gjeldande planar, jf. pbl § 1-6 andre ledd.

Den omsøkte eigedomen er sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Utgangspunktet for eigedomen er dermed at det berre kan førast opp bygningar til bruk i landbruket. Ettersom det står ein einestad på eigedomen, og omsøkt plassering av annekset er på eit areal som står i direkte tilknytning til bustaden og som er registrert som bebygd areal i Nibio sitt gardskart, finn administrasjonen at oppføring som omsøkt, i ein periode på 2 år, ikkje er i strid med LNF-formålet i KPA. Det er difor ikkje nødvendig å vurdere dispensasjon frå LNF-formålet i dette tilfellet. Vi legg til grunn at bygget vert fjerna og arealet tilbakeført i samsvar med LNF-formålet når perioden på 2 år er over.

Tiltaket si høgd, plassering og avstand til nabogrense:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne omsøkt plassering, medrekna høgdeplassering og byggverket si høgd.

Omsøkt høgd er i samsvar med pbl § 29-4 første ledd og kan godkjennast som omsøkt. Vidare kan tiltaket plasserast som vist på vedlagte situasjonskart, med minste avstand til nabogrenser på 4,10 meter, jf. pbl § 29-4 andre ledd.

Tiltaket si utforming og utsjånad:

Administrasjonen finn at det omsøkte tiltaket stettar krava til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2.

Vatn- og avlaup:

Tiltakshavar har opplyst om at annekset ikkje skal koplast på kommunalt vass- og avlaupsanlegg. Administrasjonen legg dette til grunn og finn ikkje grunnlag for nærare vurdering. Tiltakshavar må informere om endringar.

Tilkomst:

Det omsøkte annekset endrar ikkje eksisterande tilkomst.

**VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-4 c), jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav a), løyve til oppføring av eit anneks på gbnr. 8/1 i ein periode på 2 år frå 10.7.2018 til 9.7.2020, som omsøkt i søknad journalført motteke 9.6.2018.*

*Plassering av tiltaket skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan, journalført motteke 9.6.2018, og med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/-20 cm, jf. vedlagte situasjonsplan. Minstekravet på 4 meter til nabogrenser er likevel absolutt, jf. pbl § 29-4, dersom anna ikkje er sagt ovanfor.*

*For utforming av tiltaket vert det vist til vurderinga over og vedlagte plan- og fasadeteikningar, journalført 19.6.2018.*

*Annekset skal ikkje koplast til kommunalt vass- og avlaupsanlegg.*

*Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.*

*Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

*Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.*

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.*

*Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Teikningar  
Kart

**Kopi til:**

Eirin Troland

**Mottakarar:**

Kari Troland

Fløenbakken 55 B 5009

BERGEN